

Stabile inntekter frå Grasrotandelen.

04.07.2016



Ordninga tilfører godt tiltrengte midlar til idrettsaktivitetar for born.

Sidan Norsk Tipping lanserte Grasrotandelen 1.mars 2009, har ordninga tilført lagslivet i Uskedalen betydelege midlar til aktivitetane deira. Naturleg nok har mesteparten tilfalle laga som er store på barne- og ungdomsarbeid. Idrettslaget toppar med 344.320 kr medan skulemusikken har fått tilført 159.550 kr til no.

Siste åra har inntektene vore svært stabile for alle laga. Stabilt er også antal spelalarar som støttar kvart lag. For dette året er antal støttespelalarar for kvart lag om lag identisk med dei føregåande åra. Inntektene ser også ut til å koma på omlag same nivå som i fjor for dei fleste, men helselaget og idrettslaget ligg an til ein mindre auke medan Uskedal Utvikling ser ut til å få nedgong. Dei hadde klart høgast inntekt i forhold til antal støttespelalarar i fjor. Tabellen nedanfor viser inntekter til no i år, antal støttespelalarar og inntekter for heile fjoråret:

- Uskedal helselag: 4.264 kr (33), (7.011 kr.)
- Uskedal idrettslag: 34.175 kr (125), (65.650 kr.)
- Uskedal skulemusikk: 11.082 kr (75), 21.707 kr.)
- Uskedal ungdomslag: 2.869 kr (22), (6.083 kr.)
- Uskedal Utvikling: 1.128 kr (5), (5.246 kr.)
- Røysterett for alle: 5.487 kr (25), (10.149 kr.)
- Uskedal friluftslag: 85 kr (1), (nye på ordninga i år.)

Grasrotandelen er ei ordning som gjer det mogeleg for spelalarar hos Norsk Tipping å gje 5 prosent av speleinnsatsen direkte til eit lag eller ei forening. Dette kostar ikkje spelarane noko, og derfor bør alle som spelar hos Norsk Tipping melda seg på ordninga. Det er ei flott støtte til aktivitetane i bygda.



Grasrotmidlane er svært viktige for drifta av skulemusikken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland